

**Langtidsleige – Kløvheim Barnehage AS**

Styret for Kløvheim bedehus har i møte 29.09.2014 - sak 11/14 - gjort slikt vedtak:

Styret for Kløvheim bedehus gjer slik avtale med *Kløvheim Barnehage AS*:

1. Kløvheim Barnehage AS får leige areal til barnehagedrift i Kløvheim bedehus for tida 01.08.2014 – 31.07.2024.
2. Leigeperioden kan etter forhandlingar lengjast utover tida nemnt i pkt. 1.
3. Leigevilkåra blir etter drøfting fastsett for kvart barnehageår.  
For barnehageåret 2014-2015 blir vilkåra som avtala i underskriven avtale.
4. Avtalepartane kan ta opp enkeltvilkår til drøfting/evt. endra avtalevilkår når særskilde situasjonar tilseier det.

Kløvheim 30.09.2014

  
Liv Gjelsvik

- leiar -

  
Ivar Nesbø

- sekr -



**LEIGEAVTALE MELLOM KLØVHEIM BARNEHAGE AS  
og KLØVHEIM BEDEHUS - barnehageåret 2015-2016**

- UTLEIGAR:** Kløvheim bedehus v/styret (seinare kalla *utleigar*).
- LEIGAR:** Kløvheim Barnehage AS (seinare kalla *leigar*).
- LEIGEAREAL:** Kløvheim Barnehage AS leigar følgjande areal:  
**Første etasje:**  
Matsal (ca 75 m<sup>2</sup>), kjøkken, kontor, yttergang, inngang, toalett, personalrom (no garderobe for personalet) og baktrapp.  
**Andre etasje:**  
Stove: Barnehageareal (med gang utanfor)  
Småsal: Personalrom (fellesareal med bedehuset)  
Toaletta: For personalet (med gangareal).
- ANNA AREAL:** Etter avtale kan barnehagen nytte andre rom oppe til foreldremøte/styremøte. Evt. bruk av eit skråkott på loftet til lagring av leikeutstyr m.v. Utleigar stiller ikkje rom til innelagring av *uteutstyr*. Når det gjeld *bruk av kjøkkenet*, viser ein til pkt. 5.
- UTEAREAL:** Utearealet nedanfor bedehuset kan nyttast til vanleg leikeområde. Etter avtale kan fast leikeutstyr monterast vest for søndre hjørnet av bedehuset. Barnehagen kan nytte bedehuset sitt areal utanfor gjerdet nord for bedehuset.
- LEIGEVILKÅR:** **1. Husleige:**  
Leigar betalar ei avtala leige pr. måned 12 mndr. i året.  
Utleigar kan endre leiga med 3 månads meldefrist.  
Leiga skal betalast i 12 terminbeløp (dersom ikkje leigar vil forskotts-  
betale for eit lengre tidsrom).  
Leiga gjeld for bruk av ovannemnde leigeareal inkludert nødvendig oppvarming og del av kommunale avgifter (boss, avløp og vatn).  
All annan bruk av bedehuset (unnateke ovannemnde leigeareal) utanom barnehagen si opningstid, må avtalast med utleigar.  
Leigar kan ikkje framleige areal.  
Leigar syt for nødvendig forbruk av toalettpapir, såpe og handklede.  
Utleigar har *ikkje* ansvar for leigar si eige.  
Leigar må ikkje montere fast større utstyr m.v. på leigearealet utan etter avtale med utleigar.  
Ved særlege endringar i straum- og renovasjonskostnadene, kan leiga etter avtale regulerast i løpet av avtaleperioden.



## 2. Reinhold:

Leigar syter for vanleg reinhold av leigeararealet, og etter evt. bruk av hovudtrappa frå 1. til 2. etasje og hovudgang oppe.

Fellesarealet (toalett/gangareal i andre etasje) må vere reingjort før kl. 19.00.

Leigar syter for reinhold av rom som er nytta til foreldremøte og liknande. I tillegg er leigar ansvarleg for hovudreingjering for leigeararealet ein gong i året.

Leigar held vaskemiddel og nødvendig vaskeutstyr.

## 3. Telefon:

Leigar eig telefonen, men utleigar kan nytte den ved behov.

## 4. Anna:

All bruk av innbu/utstyr utanom leigeararealet, må avtalast med utleigar.

Dersom leigar gjer skade på hus, utstyr eller uteareal, må utleigar varslast snarast, og leigar kan gjerast ansvarleg for eventuell skade.

Leigar må varsle utleigar dersom det oppstår driftsvanskar med/på leigeararealet.

## 5. Bruk av kjøkken:

a. Leigar får disponere kjøkkenutstyr som gamle mugger, kaffisett og serveringsfat.

b. Leigar får disponere merka kjøkkenskap ("barnehagen").

c. Leigar skal ikkje montere eller henge opp større ting som tilhøyrer barnehagen, utan etter særskild avtale.

d. Det som barnehagen investerer av fast kjøkkenutstyr, vil vere tilgjengeleg for utleigar, og andre som evt. leigar huset til arrangement..

e. Kjøkkenet skal brukast til matlaging og servering, men ikkje til leikerom.


f. Oppvaskemaskin og komfyr med panner, som leigar eig, kan ved behov brukast av utleigar.


g. Utleigar kan etter avtale disponere/evt. leige ut kjøkkenet på dagtid ved spesielle arrangement.

h. Dersom kjøkkenet skal brukast av utleigar ved spesielle arrangement eller ved utleige, skal barnehagen syte for at kjøkkenet framstår som best mogleg utan for mykje barnehagepreg.

**AVTALETID:** Leigeavtalen gjeld tidsrommet 01.08.2015 - 31.07.2016, og kan lengjast med 1 år om gongen. Gjensidig oppseiingstid: 6 månader.

Kløyheim, 30.juni 2015

  
Kløyheim Barnehage AS  
- leigar -

  
Kløyheim bedehus  
- utleigar -

